

KR 44/02 Særskilde preiketekstar

Råd, nemnder m.v.	Møtestad	Møtedato
Nemnd f. gudstjenesteliv	Oslo	13.06.2002
Bispemøtet	Oslo	27.09-2.10.2002
Kirkerådet	Oslo	6.-7.09.2002 2.-3.10.2002

Sakshandsamar:

Åge Haavik

Saksdokument:

Saksutgreiing

Sak nr.

KR 44/02: Særskilde preiketekstar 2004 - 2005

Samandrag:

Kyrkjemøtet har delegert til Kyrkjerådet å fastsetja dei særskilde preiketekstane for kvart kyrkjeår. NFG har gjort framlegg etter same prinsipp som dei ein har nytta tidlegare år. Bispemøtet vil handsama saka på sitt møte 27/9-2/10. For å ha tekstane ferdige til rett tid, handsamar Kyrkjerådet saka no, men ventar med å gjera vedtak til oktober-møtet, då ein veit om Bispemøtet har merknader til framlegget.

Framlegg til vedtak:

Særskilde preiketekstar for kyrkjeåret 2004/2005 vedteke i samsvar med framlegget.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Tekstane i kyrkjeåret inneheld for kvar sun- og helgedag i kyrkjeåret to alternierende rekkjer med tekstar til dei tre lesingane i høgmesse. I tillegg til desse ordinære rekkjene inneheld boka for kvar dag eit fyldig utval av tilleggstekstar.

Preiketeksten i høgmesse er til vanleg lesinga frå evangeliet. For å skapa større variasjon enn det den årlege alterneringa mellom fyrste og andre rekkje gjev, og for å syta for at jamvel andre delar av Guds ord enn avsnitta frå evangelia vert utlagde i preika, gjer Kyrkjemøtet for kvart kyrkjeår vedtak om eit sett med særskilde preiketekstar (jf. kgl. res. 26/10-90). Frå og med 1/1-2001 har Kyrkjemøtet delegert til Kyrkjerådet å gjera vedtak om særskilde preiketekstar etter innstilling frå Nemnd for gudstenesteliv og uttale frå Bispemøtet (sak KM 6/00).

I regelen har ein fastsett særskilde preiketekstar for om lag tolv sun- og helgedagar i kvart kyrkjeår. Desse særskilde preiketekstane kan vera ein av dei andre lesetekstane for dagen eller dei kan vera henta frå rekkja med tilleggstekstar.

Kyrkjeåret 2004/2005

Nemnd for gudstenesteliv har handsama saka på sitt møte 12. juni 2001 (sjå sak NFG 15/02). Bispemøtet vil ha saka på sitt møte 25. september til 2. oktober 2002.

Denne gongen er det gjort framlegg om 12 særskilde preiketekstar. Av desse er 6 frå GT og det same frå NT. 7 tekstar er henta frå ein av dei andre av tekstane for dagen i 1. rekkja, og 5 frå dei såkalla tilleggstekstane, merkte med "T-tekst" i oppstillinga. Av dei 12 tekstane har 6 vore nytta tidlegare. Når dette var, går fram av spalta til høgre på arket.

For kyrkjeåret 2004/2005 gjer NFG framlegg om desse særskilde preiketekstane:

Nynorsk

Kyrkjeåret 2004-2005 har evangelietekstane i 1. rekkja som preiketekstar med desse unntaka:

2. søndag i advent: Op 1,4-8 (T-tekst)

Kristi forklåringsdag: Op 1,9-18 (1990-91)

Askeonsdag: Jes 58,5-9 (1998-99)

4. søndag i faste (Midtfaste) 5 Mos 8,1-3 (1982-83)

2. søndag etter påske Joh 10,1-10 (T-tekst)

Helgetorsdag: Dan 7,13-14

4. søndag etter pinse: Hos 14,2-5 (T-tekst)

8. søndag etter pinse: 1 Mos 1,1-18 (T-tekst) (1994-95)

11. søndag etter pinse: Rom 9,1-5 + 10,1-4

16. søndag etter pinse: 1 Kong 17,8-16 (1982-83)

22. søndag etter pinse: Apg 17,22-32 (1980-81)

Bots- og bededag: Luk 18,1-8 (T-tekst)

Teksten for Langfredag er Matt 26,30-27,50.

Bokmål

Kirkeåret 2004-2005 har evangelietekstene i 1. rekke som prekentekster med disse unntakene:

2. søndag i advent: Åp 1,4-8 (T-tekst)

Kristi forklarelsesdag: Åp 1,9-18 (1990-91)

Askeonsdag: Jes 58,5-9 (1998-99)

4. søndag i faste (Midtfaste) 5 Mos 8,1-3 (1982-83)

2. søndag etter påske Joh 10,1-10 (T-tekst)

Kristi himmelfartsdag: Dan 7,13-14

4. søndag etter pinse: Hos 14,2-5 (T-tekst)

8. søndag etter pinse: 1 Mos 1,1-18 (T-tekst) (1994-95)

11. søndag etter pinse: Rom 9,1-5 + 10,1-4

16. søndag etter pinse: 1 Kong 17,8-16 (1982-83)

22. søndag etter pinse: Apg 17,22-32 (1980-81)

Bots- og bededag: Luk 18,1-8 (T-tekst)

Teksten for Langfredag er Matt 26,30-27,50.

